

Materiale til
BØNEVEKA
FOR KRISTEN EINSKAP
og for heile året

2018

Herre, di høgre hand er herleg i makt

2 Mosebok 15,6

Lagt til rette og utgjeve i fellesskap av

Det pavelege rådet til fremje av kristen einskap

og

Kommisjonen for tru og kyrkjeordning under Verdskyrkjerådet

Kommisjonen for
tru og kyrkjeordning
Verdskyrkerådet

Faith and Order
World Council of Churches
P.O.Box 2100
CH – 1211 Geneva 2
Switzerland

infowcc@wcc-coe.org
www.oikoumene.org

Det pavelege rådet
til fremje av kristen einskap

Pontifical Council for
Promoting Christian Unity

VA – 00120 Cité du Vatican

office@christianunity.va
www.vatican.va

Bøneveka for kristen einskap 2018

Innhald

Til dykk som legg til rette Bøneveka for kristen einskap	4
Bibelteksten NN	6
Bibelteksten BM	7
Presentasjon av tema for året 2018	8
Førebuinga av materialet til Bøneveka 2018	13
Økumenisk bønegudsteneste	
Innleiing om den økumeniske gudstenesta	15
Ordning for den økumeniske gudstenesta (NN)	16
Ordning for den økumeniske gudstjenesten (BM)	25
Andakter og bønner for "dei åtte dagane"	34
Den økumeniske stoda i Karibia	46
Tema for Bøneveka 1968 - 2018	51
Viktige hendingar i historia til Bøneveka for kristen einskap	55

*Heile materialet til Bøneveka dette året er omsett til nynorsk.
 Ordninga for økumenisk gudsteneste er og omsett til bokmål.
 Norsk omsetjing: Anfinn Andreas Kolberg.
 Skriftsitata er henta frå omsetjinga til Det norske Bibelselskapet 2011*

Til dykk som legg til rette Bøneveka for kristen einskap

Arbeidet for einskap - gjennom heile året

Bøneveka for kristen einskap har etter tradisjonen vore halde 18.-25. januar på den nordlege halvkula. Desse dagane blei foreslått av Paul Wattson i 1908 fordi dei ligg i tida mellom festane for apostlane Peter og Paulus. Dermed får dei ei symbolsk tyding. Men på den sørlege halvkula er januar feriemånad, og kyrkjene der finn difor andre tider til Bøneveka, til dømes kring pinse, slik det vart foreslått av Tru og kyrkjeordningsrørsla i 1926. Pinse er jo og ei symbolmetta tid for kristen einskap.

Men arbeidet for kristen einskap er ikkje avgrensa til ei veke kvart år. Vi oppmodar dykk difor til ikkje berre å vera fleksible med omsyn til dato, men og til å sjå det materialet vi presenterer her som ei innbyding til å finna høve gjennom heile året til å markera den fellesskapen som kyrkjene alt er komne fram til, og til å be saman for den fulle einskapen etter Kristi vilje.

Tilpassing av teksta

Dette materialet legg vi fram i full forståing for at de, når det er mogleg, kan tilpassa det til bruk på lokalt nivå. Då må det i tilfelle takast omsyn både til lokale tradisjonar for gudsteneste og liturgisk praksis og til heile den sosiale og kulturelle samanhengen de står i. Normalt bør ei slik lokal tilpassing skje i ei økumenisk ramme. Nokre stader finst det alt økumeniske strukturar som naturleg tar ansvar for å leggja materialet til rette. Andre stader voner vi at trongen til tilpassing kan skapa grobotn for å danna slike strukturar.

Bruk av materialet for Bøneveka

- Kyrkjer og forsamlingar, som saman markerer Bøneveka gjennom ei einskild felles gudsteneste, kan nytta ordninga for økumenisk gudsteneste i materialet.
- Kyrkjer og forsamlingar kan og gjerne innarbeida materialet frå Bøneveka i sine egne gudstener. Då kan ein nytta bøner frå den

økumeniske gudstenesta, frå "dei åtte dagane", eller frå utvalet av tilleggsmateriale slik det høver i eigne samanhengar.

- Forsamlingar som markerer Bøneveka med gudstenester kvar dag gjennom heile veka, kan nytta materialet frå "dei åtte dagane" til desse gudstenestene.
- Dei som vil gjera bibelstudium over temaet for Bøneveka, kan nytta bibeltekstane og andaktane frå "dei åtte dagane" som utgangspunkt. Samtalane kan munna ut i bøn.
- Dei som ønskjer å be åleine, kan finna hjelp i materialet til å konkretisera bønna. Slik kan dei få visse om å be saman med kristne frå heile verda om at einskapen i Kristi kyrkje må verta synleg.

Bibeltekst: 2 Mosebok 15,1-21 (NN)

Då song Moses og israelittane denne songen for Herren:

Eg vil syngja for Herren, for han er høgt opphøgd; hest og rytta kasta han i havet. Herren er mi kraft og min styrke, han har vorte mi frelse. Han er min Gud, han vil eg prisa, min fars Gud, han vil eg opphøgja.

Herren er ein krigar, Herren er hans namn. Faraos vogner og heile hans hær kasta han i havet, dyktige krigarar drukna i Sivsjøen. Havdjupa gøymde dei, dei sokk som stein i djupet. Herre, di høgre hand er herleg i makt, di høgre hand knuser fiendar, Herre. I ditt velde slår du ned dei som reiser seg mot deg. Du slepper harmen din laus, han fortærer dei som strå. Ved eit pust frå din nase tårna vatnet seg opp. Strøymande vatn stod som ein voll, djupa stivna i havsens hjarte. Fienden sa: «Eg set etter og når dei att, deler bytte og stiller all mi lyst. Eg dreg sverdet og utryddar dei med mi hand.» Du lét din pust blåsa, og havet gøymde dei. Dei sokk som bly i det veldige vatnet. Kven er som du blant gudane, Herre? Kven er som du, herleg og heilag, skremmande i storverk, underfull i gjerning? Du rette ut di høgre hand, då slukte jorda dei. I kjærleik førte du det folket som du fria ut. Du leidde dei med di kraft til din heilage bustad. Folket hørde det og skalv, angst greip dei som bur i Filisterland. Då vart Edoms hovdingar forfærde, dei mektige i Moab skalv, alle som bur i Kanaan, mista motet. Angst og redsle kjem over dei, ved din veldige arm blir dei som forsteina, medan folket ditt dreg framom, Herre, medan folket som du har vunne, dreg framom. Du skal føra dei inn og planta dei på fjellet som er din eigedom, på staden du har gjort til din bustad, Herre, heilagdomen som dine hender har grunnlagt, Herre. Herren er konge til evig tid. Då hestane til farao, med vogner og rytta, gjekk ut i havet, lét Herren vatnet venda attende over dei. Men israelittane gjekk tørrskodde gjennom havet.

Så tok syster til Aron, Mirjam, som var profet, ei tromme i handa, og alle kvinnene følgde etter henne, slo på tromme og dansa. Mirjam song i vekselong med dei:

«Syng for Herren, for han er høgt opphøgd,
Hest og rytta kasta han i havet!»

Bibeltekst: 2 Mosebok 15,1-21 (BM)

Da sang Moses og israelittene denne sangen for Herren:

Jeg vil synge for Herren, for han er høyt opphøyd; hest og rytter kastet han i havet. Herren er min kraft og min styrke, han er blitt min frelse. Han er min Gud, ham vil jeg prise, min fars Gud, ham vil jeg opphøye. Herren er en kriger, Herren er hans navn.

Faraos vogner og hele hans hær kastet han i havet, dyktige krigere druknet i Sivsjøen. Havdypene skjulte dem, de sank som stein i dypet. Herre, din høyre hånd er herlig i makt, din høyre hånd knuser fiender, Herre. I din velde slår du ned dem som reiser seg mot deg. Du slipper din harme løs, den fortærer dem som strå. Ved et pust fra din nese tårnet vannet seg opp. Strømmene sto som en voll, dypene stivnet i havets hjerte.

Fienden sa: «Jeg følger etter og tar dem igjen, deler bytte og stiller all min lyst. Jeg drar sverdet og utrydder dem med min hånd.» Du lot din pust blåse, og havet skjulte dem. De sank som bly i det veldige vannet. Hvem er som du blant gudene, Herre? Hvem er som du, herlig og hellig, skremmende i storverk, underfull i gjerning? Du rakte ut din høyre hånd, og jorden slukte dem. I kjærlighet førte du det folket som du fridde ut. Du ledet dem med din kraft til din hellige bolig.

Folkene hørte det og skalv, angst grep dem som bor i Filisterland. Da ble Edoms høvdingen forferdet, Moabs mektige skalv, motet sviktet alle som bor i Kanaan. Angst og redsel kommer over dem, ved din veldige arm blir de som forsteinet, mens ditt folk drar forbi, Herre, mens folket som du har vunnet, drar forbi. Du skal føre dem inn og plante dem på fjellet som er din eiendom, på stedet du har gjort til din bolig, Herre, helligdommen som dine hender har grunnlagt, Herre. Herren er konge til evig tid. Da faraos hester med vogner og ryttere gikk ut i havet, lot Herren vannet vende tilbake over dem. Men israelittene gikk tørrskodd gjennom havet.

Så tok Arons søster Mirjam, som var profet, en tromme i hånden, og alle kvinnene fulgte etter henne, slo på tromme og danset. Mirjam sang i vekselsang med dem:

«Syng for Herren, for han er høyt opphøyd,
hest og rytter kastet han i havet!»

PRESENTASJON AV TEMAET FOR BØNEVEKA

Herre, di høgre hand er herleg i makt

(1 Mos 15,6)

Karibia

Namnet «Karibia» er eigentleg namnet til eit av dei innfødde folka, kalinago-folket som tidlegare vart kalla karibarar. Det som i dag vert kalla Karibia, strekker seg over eit stort og samansett område. Karibia omfattar både øyer og fastland og inneheld eit fargerikt lappeteippe av etniske, språklege og kulturelle tradisjonar. Området har og eit politisk mangfald som strekker seg frå styringsordningar og konstitusjonelle grunnlag med band til gamle kolonistatar (britiske, nederlandske, franske og amerikanske) og til nasjonalstatar styrte som republikkar.

Dagens Karibia ber djupe merke etter ei umenneskeleg utbytting i kolonitida. I ein aggressiv jakt på fortene har kolonimaktene laga brutale system for handel med menneske som vart nytta til tvangsarbeid. I starten førte dette til at dei innfødde folka i regionen vart gjort til slavar. Dei vart etter kvart meir eller mindre utrydda. Det neste trinnet var slavehandel med afrikanarar og kontraktsarbeidarar frå India og Kina.

På kvart steg i historia søkte kolonistane å ta frå dei undertrykte folka deira sjølvklære rettar: identitet, menneskeverd, fridom og sjølvråderett. Når afrikanarar vart tekne som slavar, handla det ikkje berre om å transportera arbeidarar frå ein stad til ein annan. Ved at dei ikkje tok omsyn til mennesket sitt gudgjevne verd, gjorde dei mennesket til ein handelsvare, ein eigedom for eit anna menneske. Ikkje berre såg dei mennesket som ein del av eigedomen sin, det følgde og med annan praksis som var med og tok frå afrikanarane deira menneskeverd. Dei var mellom anna nekta retten til kulturell og religiøs praksis. Dei var og nekta ekteskap og familieliv.

Særleg trist er det at gjennom fem hundre år med kolonisering og slaveri var kristen misjonsverksemd i regionen som med berre nokre få unntak var nært knytt opp mot dette umenneskelege systemet. På mange vis forsvarte dei systemet og gav det ny styrke. Medan dei som kom med Bibelen til regionen, nytta Skrifta til å forsvare undertrykkinga av eit folk i lekkjer, vart Skrifta i hendene på slavefolket ein inspirasjon og ein forsikring om at Gud var på deira side og at Gud ein gong ville leia dei til fridom.

Tema for Bøneveka for kristen einskap 2018

I Karibia er det i dag kristne av mange ulike tradisjonar som ser at Guds hand var aktivt med for å få slutt på slaveriet. Dei har ei felles erfaring av at Gud skapar fridom gjennom sitt frelsarverk. Difor har dei valt lovsongen til Moses og Miriam (2 Mos. 15,1-21) som det beste uttrykket for Bøneveka for kristen einskap 2018. Det er ein song om siger over undertrykking. Dette temaet er og tatt opp i salmen «Guds høgje hand», som vart skriven på eit seminar i Den karibiske kyrkjesambandet (CCC) i august 1981. Denne salmen har fått ein særskilt plass i den økumeniske rørsla i regionen og er omsett til ei rekkje ulike språk.

Slik som israelittane har og folk i Karibia ein song om siger og fridom å syngja, og dette er ein song som bind dei saman. Men så kjem det i vår tid nye utfordringar med nye trugsmål om trældom og skade på menneskeverdet. Sjølv om dette verdet ikkje kan fjernast, vert det ofte tilslørt både av personleg synd og av syndige sosiale strukturar. I syndefallets verd manglar sosiale relasjonar altfor ofte den rettferda og godhugen som gjev ære til mennesket. Armod, vald, urettferd, rusmisbruk og pornografi, og smerta, sorga og fortvilninga som følger, er erfaringar som legg eit slør over sjølvbiletet.

Mange av dagens utfordringar er eigentleg eit arvestykke frå kolonitida og slavehandelen. Ei kollektiv skade i sinnet visar seg i dag i låg sjølvkjensle, kriminelle gjengar, vald i heimen og øydelagde familierelasjonar. Sjølv om dette er ein arv frå fortida, så vert desse problema i vår tid forsterka av ein realitet som mange vil kalla ny-kolonialisme. I dei tilhøva som rår i dag, synest

det umogleg for mange av statane i denne regionen å trekke seg sjølv ut av armod og gjeld. Dessutan er det på mange stader framleis restar av eit rammeverk for lova som gjer at ho i praksis held fram med å diskriminera.

Guds høgre hand, som førde folket ut av trældom, heldt fram med å gi von om mot til israelittane. På same vis held ho fram med å gi von til dei kristne i Karibia. Dei er ikkje tause ofre for tilhøva. Dei ber vitnemål om den vona dei har, og kyrkjene kan saman arbeida og gjera si teneste for alle folk i regionen, særleg for dei mest sårbare og forsømte. Sagt med orda frå salmen: «Guds høgre hand plantar i landet vårt, sår frø som gjev fridom, von og kjærleik.»

Tankar kring bibelteksten frå 2. Mosebok 15,1-21

2. Mosebok tek oss gjennom tre periodar: Israelittanes liv i Egypt (1,1-15,21) israelittanes ferd gjennom øydemarka (15,22-18,27) og opplevinga ved Sinai (19-40). Avsnittet som er valt, *'Songen ved sjøen'*, som Moses og Miriam song saman med folket, fortel om hendingane som førte fram til at Guds folk vart sett fri frå trældomen. Songen avsluttar den første delen i boka.

«Han er min Gud, han vil eg prisa» (15,2)

Dei tre første versa i kapitel 15 legg vekt på å lovprisa Gud: *'Herren er mi kraft og min styrke, han har vorte mi frelse. Han er min Gud, han vil eg prisa, min fars Gud, han vil eg opphøgja.'* (15,2) Moses og Miriam leier israelittane i ein song som prisar Gud som har sett dei fri. Dei skjønar at ikkje noko kunne rokka Guds plan om å setja folket fri. Inga makt, ikkje ein gong Faraos vogner eller hans veltrente militærmakt, kan koma i vegen for Guds vilje til å setja folket sitt fri (15,4-5). I denne gledefylte lovprisinga kan kristne frå ulike tradisjonar skjønna at Gud er frelsaren for oss alle. Vi kan gleda oss over at han held fast ved sine lovnader. Han held fram med å gi oss del i frelsa gjennom Den heilage ande. I frelsa, som han gir oss del i, kan vi skjønna at han er vår Gud og vi er hans folk.

«Herre, di høgre hand er herleg i makt» (15,6)

Frigjeringa og frelsa som Guds folk får del i, kjem gjennom Guds makt. Guds høgre hand kan vi forstå som eit bilete og eit prov på at Gud både sigrar over sine fiendar, og at han ikkje sluttar med å verna sitt eige folk. Gud hørde klageropet frå folket sitt, og trass i Faraos planar ville ikkje Gud svikta folket sitt, for Gud er livsens Gud. Ved å kontrollera vinden og sjøen syner Gud at han vil berga liv og gjera slutt på vald (15,10). Gud ønskte å gjera israelittane til eit folk som kjenner Guds trufaste kjærleik og lovprisar hans namn.

Med frigjeringa fekk folket von og ein lovnad. Von fordi ein ny dag var komen då dei kunne tena sin Gud i fridom og skjøna kva for moglegheiter som låg framom dei. Men det var og ein lovnad om at Gud ville vera med dei på vandrainga og at inga makt kunne hindra Guds mål for dei.

Nyttar Gud vald for å nedkjempa vald?

Nokre kyrkjefedre har tolka denne forteljninga som eit bilete på det åndelege livet. For eksempel identifiserte ikkje Augustin fienden som drukna i sjøen, med egyptarane men med synda.

«Alle dei tidlegare syndene våre, ser du, dei som likesom har pressa på oss bakanfrå, dei har han drukna og viska ut i dåpen. Desse mørke tinga våre blei ridd av ryttarar som var ureine ånder. Som ryttarar reid dei rett dit dei ville. Det er difor apostelen kallar dei «herskarane i dette mørkeret». Men vi er blitt kvitt alt dette gjennom dåpen, gjennom Raudehavet. Dette havet heiter so fordi det er helga av blodet til den krossfeste Herren...» (Sermon 223E)

Augustin så forteljninga som ei oppmuntring for den kristne til å vona og halda ut heller enn å fortvila over fienden som forfølger. For Augustin var dåpen den grunnleggjande hendinga på vegen til å byggja seg ein identitet som lem på Kristi kropp. Han dreg ein parallell mellom frigjeringa av Israel ved overgangen over Raudehavet og reisa den kristne gjer gjennom vatnet i dåpen. Både desse frigjerande reisene set gudstenestefellesskapet i funksjon. For i fridom kunne Israel som eit gudstenestefellesskap prisa Guds frelsande

hand i sigerssongen til Miriam og Moses. Frigjeringa forvandla dei trælbundne israelittane til gudsfolket som er knytt saman i den store lovsongen dei har å syngja.

Einskap

2 Mosebok 15 let oss sjå korleis vegen til einskap ofte må gå gjennom ei felles oppleving av liding. Israelittanes frigjering frå trældomen er den grunnleggjande hendinga som skapte dette folket. For kristne har denne prosessen sitt høgdepunkt i inkarnasjonen og påskemysteriet. Sjølv om frigjering og frelse er Guds verk, så nyttar han menneske til å formidla sitt mål og sin plan om å løysa ut sitt folk. Gjennom dåpen er vi som kristne deltakarar i Guds forsoningsverk. Men oppsplittinga av oss kristne er ei hindring for vitnemålet og tenesta i ei verd som og i dag treng Guds frigjering.

FØREBUINGA AV MATERIALET TIL BØNEVEKA FOR KRISTEN EINSKAP 2018

Kyrkjene i Karibia vart valde ut til å laga utkast til materialet for Bøneveka for kristen einskap 2018. Under leiing av Kenneth Richards, katolsk erkebiskop i Kingston og biskop med økumenisk ansvar for Bispemøtet i Antillene, og Gerard Granado, generalsekretær i det Karibiske Kyrkjesambandet (CCC), vart ei økumenisk arbeidsgruppe av kvinner og menn invitert til å laga utkastet til materialet.

Takk skal særleg rettast til leiarane i CCC, til Bispemøtet i Antillene og til dei andre som bidrog:

* Kenneth Richards – koordinator for arbeidsgruppa på vegne av Bispemøtet i Antillene (AEC), leiar av den økumeniske kommisjonen under AEC, erkebiskop i Kingston (romersk katolsk) [Jamaica]

* Gerard A.J. Granado, M.Th. (Edinburgh) – generalsekretær i det Karibiske kyrkjesambandet (Caribbean Church Conference, CCC), sekretær for arbeidsgruppa (romersk-katolsk) [Trinidad og Tobago]

* Luis N. Rivera-Pagan – professor emeritus i økumenikk ved Princeton teologiske seminar, N.Y. (baptist) [Puerto Rico]

* Kirkley Sands, Ph.D. – prest, Codrington teologiske høgskule, Anglikanske kyrkje i Vest-India [Bahamas]

* Patmore Henry – prest, sekretær i Mellomkyrkjeleg råd (Connexional Conference), Metodistkyrkja i Karibia og Amerika (MCCA) [Antigua]

* Oluwakemi Linda Banks, Ph.D. – president i CCC & Kliniske Psykologar (anglikansk) [Anguilla]

* Nicole Poyer – leiar, Taizé økumeniske gruppe, Trinidad og Tobago, teologisk student (romersk katolsk) [Trinidad og Tobago]

- * Glenna Spencer – biskop, Metodistkyrkja i Karibia og Amerika (MCCA), tidlegare medlem av Sentralkomiteen i Verdskyrkjerådet (WCC) [Guyana]
- * Kingsley Lewis, Ph.D. – biskop, Brødrekyrkja i Vest-India, tidlegare president i CCC [Antigua]
- * Elvis Elahie. M.Th. (Edinburgh) – moderator emeritus, Presbyterianske kyrkja i Trinidad og Tobago (PCTT), tidlegare rektor ved St. Andrew's (presbyterianske) teologiske høgskule [Trinidad og Tobago]
- * Marjorie Lewis, Ph.D. – tidlegare rektor ved den Sameinte teologiske høgskule i Vest India (United Theological College in West Indies, UTCWI) (Den sameinte kyrkja i Jamaica og Caymanøyane) [Jamaica]
- * George Mulrain, Ph.D. – tidlegare president i Mellomkyrkjeleg råd, Metodistkyrkja i Karibia og Amerika (MCCA) [Trinidad og Tobago]

Den lokale førebuingsgruppa la fram tekster, bønner og bibelarbeid dei hadde valt eller skrive for ei internasjonal gruppe med støtte frå Det pavelege rådet til fremje av kristen einskap (PCPCU) og Kommisjonen for tru og kyrkjeordning under Verdskyrkjerådet (WCC). Ved dette møtet, som vart halde på Emmaus-huset i Nassau, Bahamas 3.-7. september 2016, blei utkastet redigert og gjort ferdig. Den internasjonale gruppa fekk høve til å vitja Pompeimuseet for slaveri og frigjering i Vendue House. Gjennom denne vitjinga fekk redaksjonsgruppa hjelp til å ta inn over seg korleis bahamanarane og fleire andre karibiske folk har kjempa for fridom.

Den internasjonale gruppa vil gjerne takka erkebiskop Patrick Pinder og erkebispedømmet Nassau for deira gjestfridom då dei tok imot oss på Emmaus-senteret, og takka staben som arbeider der og gjorde opphaldet vårt så makeleg. Vi er og svært takksame for all støtte og hjelp vi fekk frå lokale økumeniske kyrkjeleiarar, Ranford Patterson, president i Bahamas kristne råd, og biskop Laish Boyd i det anglikanske bispedømmet Bahamas, Turks og Caicos-øyene. De slutta seg til gruppa og bidrog med kunnskap og erfaring om den lokale kyrkja.

ØKUMENISK GUDSTENESTE

Om gudstenesta

Ein bibel og tre sett jernlenkjer høyrer med til feiringa av denne gudstenesta. Den karibiske skrivegruppa rår til at desse symbola får ein sentral plass i gudstenesterommet.

Bibelen er særleg viktig i erfaringa til de karibiske kyrkjene. Historisk var det slik at innfødde og trælbundne folk opplevde ei hjartelaus framferd frå kolonisorane som samstundes kom med kristentrua. Men i hendene på dei undertrykte folka i regionen vart Bibelen ei hovudkjelde til trøyst og frigjering. Denne dynamikken som snur om på haldningar, gjer Bibelen til eit sær kraftig symbol i seg sjølv. Difor er det viktig at vi i denne gudstenesta plasserer bibelen synleg og sentralt i forsamlinga og at tekstene vert leste frå denne same bibelen, og ikkje frå andre bøker eller hefte.

Lenkjer er eit kraftfullt symbol på slaveri, umenneskeleggjering og rasisme. Dei er og symbol på korleis synda er ei kraft som skil oss frå Gud og frå kvarandre. Den karibiske skrivegruppa rår til at ein nyttar ekte jernlenkjer under bøna om forsoning i denne gudstenesta. Om dette ikkje er praktisk mogleg, skulle ein i det minste nytta lenkjer som ser kraftige ut. I løpet av gudstenesta vert trældomens jernlenkjer bytta ut med ei menneskeleg lenkje som peikar på banda som bind oss saman i eit fellesskap der vi og saman arbeider mot moderne slaveri og alle former for individuell og institusjonell menneskeleg nedgradering. Det er ein sentral del av denne gudstenesta at forsamlinga får vera med i denne symbolhandlinga.

Til song etter forkynninga av Ordet gjer den karibiske skrivegruppa framlegg om å nytta salmen *'The right hand of God'*. Denne salmen speglar songen til Miriam og Moses i 2 Mosebok der dei prisar Gud for frigjering og frelse. Salmen heng og nær saman med den økumeniske rørsla i Karibia der kyrkjene arbeider saman for å løysa dei sosiale utfordringane for folk i regionen.

ORDNING FOR GUDSTENESTA (NN)

Herre, di høgre hand er herleg i makt.

2 Mos 15,6

L	Leiar
F	Forsamling
T	Tekstlesar

Samling

Salme/song

Mens forsamlinga syng salmen, kjem dei som leier gudstenesta inn. Framom dei skulle koma ein assistent som ber Bibelen. Bibelen vert plassert på ein æresplass midt i gudstenesterommet. Tekstlesingane i gudstenesta skal lesast frå denne Bibelen.

Ord til velkomst

- L Herren Jesu Kristi nåde,
Guds kjærleik
og Den heilage andens samfunn vere med dykk alle!
- F Og også med deg.**
- L Kjære vener i Kristus, når vi no er komne saman til gudsteneste for å be om einskap, skal vi takka Gud for vår kristne arv og for hans frigjerande og frelsande gjerning i historia. Materialet til Bøneveka for kristen einskap dette året er laga av kyrkjene i Karibia. Kristendomens historie i denne regionen inneheld eit paradoks. For det første var Bibelen nytta av kolonisorane til å rettferdiggjera undertrykkinga av den opphavlege folkesetnaden i desse landa, og seinare andre som blei transporterte frå Afrika, India og Kina. Mange menneske blei drepne. Dei som overlevde, vart sett i

lenkjer og gjort til slavar, og dei vart tvungne inn under umenneskelege arbeidstilhøve. For det andre blei Bibelen for mange, som leid under dei harde hendene til kolonimakta, ei kjelde til trøyst og frigjering.

I dag er Bibelen framleis ei kjelde til trøyst og frigjering som har inspirert dei kristne i Karibia til å setja ljøs på tilhøve som i vår tid undergrev menneskeverd og livskvalitet. Når trældomens jernlenkjer fell frå hendene våre, veks det fram band av kjærleik og fellesskap mellom menneske, og dei gjev uttrykk for einskapen vi bed om i dei kristne fellesskapa våre.

Påkalling av Den heilage ande

Svara kan ein gjerne syngja.

L Lat oss saman med dei kristne i Karibia kalla på Den heilage ande så vi med brennande hjarte kan be om einskap for kyrkja.

Heilage ande, hald tenarane dine saman med einskapens band.

F Kom, du Heilage ande!

L Lær oss å beda.

F Kom, du Heilage ande!

L Fri oss frå trældom under synda.

F Kom, du Heilage ande!

L Hjelp oss som er så svake.

F Kom, du Heilage ande!

L Forny oss som barna dine.

F Kom, du Heilage ande!

Salme/Lovsang

Bøn om forsoning

L Vi har ikkje fått trældomens ande så vi skulle falla attende i redsle.
Lat oss kalla på Guds miskunn i tillit til frelsa i Guds høgre hand.

Tre av deltakarene kjem fram med kvar si lenkje. Etter kvar bøn og svar let ein av dei lenkja si falla på golvet. Forsamlinga kan gjerne syngja svaret.

L Frå strukturar som undergrev menneska sitt verd og opnar for nye former for slaveri, fri oss, Gud. *Kyrie eleison.*

F Kyrie eleison.

L Frå ordningar og handlingar som skaper armod, utstøyting og diskriminering av våre sysken, fri oss, Gud. *Kyrie eleison.*

F Kyrie eleison.

L Frå frykt og fordomar som skil oss frå kvarandre og set grenser for von og forsoning, fri oss, Gud. *Kyrie eleison.*

F Kyrie eleison.

L Herren er vår styrke og vår kraft, og han er blitt vår frelse. Må Gud, som har fridd oss ut, føra oss fram til sine heilage bustader.

F Amen.

Forkynning av Guds ord

L Fri oss, Gud, frå dei som bruker vald,

F så vil vi halda dine påbod!

L Lat ditt andlet lysa over dine tenarar,

F lær oss dine forskrifter! (sml Salme 119,134-135)

2 Mos 15,1-21

L Høyr og bli sett fri.

F Lova vere Gud.

Salme 118,5-7 + 13-24

Det er fint om de kan syngja salmen

R/ Takk Herren, for han er god, evig varer hans miskunn.

Eg var i trengsle og ropa til Herren,
han svara og førte meg ut i ope land.
Herren er med meg, eg er ikkje redd.
Kva kan menneske gjera meg?
Herren er med meg, han hjelper meg,
eg kan sjå på dei som hatar meg.

R/

Dei pressa meg hardt, eg heldt på å falla,
men Herren hjelppte meg.
Herren er min styrke og min song,
han har vorte mi frelse.
Høyr, det er jubel og sigersrop
i teltet til dei rettferdige!

R/

Herrens høgre hand gjer storverk,
Herrens høgre hand lyfter opp.
Herrens høgre hand gjer storverk.
Eg skal ikkje døy, men leva
og fortelja om Herrens gjerningar.

R/

Lat rettferds portar opp for meg,
 eg vil gå inn og prisa Herren!
 Dette er Herrens port,
 her går dei rettferdige inn.

R/

Eg prisar deg fordi du svara meg,
 du vart mi frelse.
 underfullt er det i våre auge.
 Dette er dagen som Herren har gjort;
 lat oss jubla og gleda oss no!

R/ Takk Herren, for han er god, evig varer hans miskunn.

Romarbrevet 8,12-27

L Høyr, og bli sett fri.

F Lova vere Gud.

De kan gjerne syngja eit passande hallelujavers før og etter Evangelielesinga.

Markus 5,21-43

L Høyr, og bli sett fri.

F Lova vere Gud.

Preike / Tekstmeditasjon

Salme

The right hand of God

Patrick Prescod

Noel Dexter: Jamaica

1. The right hand of God is writ - ing in our land,
 2. The right hand of God is point - ing in our land,
 3. The right hand of God is strik - ing in our land,
 4. The right hand of God is lift - ing in our land,

6

writ - ing with pow - er and with love; Our
 point - ing the way we must go; so
 strik - ing out at en - vy, hate and greed; Our
 lift - ing the fal - len one by one; Each

10

con - flicts and our fears, our tri - umphs and our
 cloud - ed is the way, so eas - i - ly we
 self ish - ness and lust, our pride and deeds un -
 one is known by name, and res - cued now from

13

tears are re - cord - ed by the right hand of God.
 stray, but we're guid - ed by the right hand of God.
 just are de - stroyed by the right hand of God.
 shame by the lift - ing of the right hand of God.

18

5. The right hand of God is healing in our land.
healing broken bodies, minds and souls;
so wondrous is its touch,
with love that means so much,
when we're healed by the right hand of God.
6. The right hand of God is planting in our land
planting seeds of freedom, hope and love;
in these many-peopled lands,
let his children all join hands,
and be one with the right hand of God.

Den apostoliske truvedkjenninga

Bønene

- L Med takk til Gud som har sett oss fri frå trældomen under synda, vender vi oss til Han med det vi har på hjartet og ber Han bryta lenkjene som bind oss på så mange vis, og i staden føra oss saman med band av kjærleik og einskap.

Kvar bøn vert lest av ulike lesarar. Når dei er ferdige, tek lesarane kvarandre i hendene og lagar ei lenkje saman med forsamlinga.

- T1 Gud, du som førte folket ditt ut av Egypt, du som opna vegen for dei gjennom Raudehavet og fridde dei ut or trældomen, ver med oss no og fri oss frå all slags trældom og frå alt som tilslørar menneskeverdet.
- F Legg hendene dine på oss, Herre, så vi kan leva.**

- T2 Gud, du er rik og i din godleik gjev du oss alt vi treng. Ver med oss no og hjelp oss å leggja av oss egoisme og grådigskap og gjev oss mot til å vera tenarar for rettfærd i verda.
- F Legg hendene dine på oss, Herre, så vi kan leva.**
- T3 Kjærleikens Gud, du skapte oss i ditt bilete og løyste oss ut i Kristus. Ver med oss no og gjev oss kraft til å elska nesten vår og ønskje dei framande velkomen.
- F Legg hendene dine på oss, Herre, så vi kan leva.**
- T4 Fredens Gud, du som er tru mot din pakt med oss sjølv om vi vandrar vekk frå deg, og som i Kristus har forsona oss med deg sjølv. Ver med oss no og gjev oss ein ny ande og nye hjarte slik at vi kan snu oss vekk frå bruk av vald og i staden verta tenarar for din fred.
- F Legg hendene dine på oss, Herre, så vi kan leva.**
- T5 Herlegdomens Gud, du er allmektig, og likevel valte du i Jesus å ha heimen din i ein vanleg menneskeleg familie, og i dåpsvatnet gjorde du oss til dine barn. Ver med oss no og hjelp oss til å vera tru mot familien vår, mot saker vi er engasjert i og mot ansvar vi har i samfunnet. Hjelp oss å styrka banda av fellesskap med våre sysken i Kristus.
- F Legg hendene dine på oss, Herre, så vi kan leva.**
- T6 Gud, du som er éin Gud i tre personar, du har i Kristus gjort oss til eitt med deg og med kvarandre. Ver med oss no og fri oss ved Heilagandens kraft og trøyst frå sjølvgodheit, overmot og angst som hindrar oss i å kjempe for full, synleg einskap i di Kyrkje.
- F Legg hendene dine på oss, Herre, så vi kan leva.**

Herrens bøn

L Vi som er bundne saman, ikkje av lenkjer, men av Kristi kjærleik som er øst ut i hjarta våre, lat oss ta kvarandre i hendene og beda til Far med orda som Jesus lærte oss.

Herrens bøn kan og syngast.

F Vår Far i himmelen ...

Etter Herrens bøn, medan de ennå held kvarandre i hendene, kan de syngja ein kjent salme som handlar om fellesskap.

Etter songen kan de helse kvarandre med Herrens fred.

Utssending

L Frelst av Guds høgre hand og sameinte i Kristi kropp, lat oss gå fram i krafta frå Den heilage ande.

**F Herrens Ande er over oss,
for han har salva oss
til å forkynna ein god bodskap for fattige.
Han har sendt oss for å ropa ut
at fangar skal få fridom
og at blinde skal få sjå,
for å setja undertrykte fri
og ropa ut eit nådeår frå Herren.
Amen! Halleluja!**

Salme

GUDSTJENSTEORDNING (BM)

Herre, din høyre hånd er herlig i makt

2 Mos 15,6

L	Leder
F	Forsamling
T	Tekstleser

Samling

Salme/sang

Mens salmen blir sunget, kommer de som leder gudstjenesten inn. Foran dem kan det komme en assistent som bærer en bibel. Bibelen blir plassert på en æresplass midt i gudstjenesterommet. Tekstlesningene i gudstjenesten leses fortrinnsvis fra denne bibelen.

Velkomstord

- L** Herren Jesu Kristi nåde,
Guds kjærlighet
og Den hellige ånds samfunn være med dere alle!
- F** **Og også med deg.**

- L** Kjære venner i Kristus, når vi nå er kommet sammen til gudstjeneste for å be om enhet, skal vi takke Gud for vår kristne arv og for hans frigjørende og frelsende gjerninger i historien.

Materialet til Bønneuken for kristen enhet dette året er laget av kirkene i Karibia. Kristendommens historie i denne regionen inneholder et paradoks. For det første ble Bibelen brukt av koloniherrerne til å rettferdiggjøre undertrykkelsen av den

opprinnelige befolkningen i disse landene, og senere av andre, som ble transportert fra Afrika, India og Kina. Mange mennesker ble drept, de som overlevde ble satt i lenker og gjort til slaver og tvunget inn under umenneskelige arbeidsforhold. For det andre ble Bibelen til tross for dette en kilde til trøst og frigjøring for mange av dem som led under kolonimaktens harde hender.

I dag er Bibelen fremdeles en kilde til trøst og frigjøring. Den har inspirert de kristne i Karibia til å sette lyset på forhold som i vår tid undergraver menneskeverd og livskvalitet. Når trelldommens jernlenker faller fra hendene våre, vokser det fram bånd av kjærlighet og samhørighet mellom mennesker, og de gir uttrykk for enheten vi ber om i våre kristne fellesskap.

Påkallelse av Den hellige ånd

Svarene kan gjerne synges

L La oss sammen med de kristne i Karibia påkalle Den hellige ånd så vi med brennende hjerter kan be om enhet for Kirken.

Hellige ånd, hold dine tjenere sammen med enhetens bånd.

F Kom, du Hellige ånd!

L Lær oss å be.

F Kom, du Hellige ånd!

L Fri oss fra trelldom under synden.

F Kom, du Hellige ånd!

L Hjelp oss som er så svake.

F Kom, du Hellige ånd!

L Forny oss som barna dine.

F **Kom, du Hellige ånd!**

Salme/Lovsang

Bøn om forsoning

L Vi har ikke fått trelldommens ånd så vi skulle falle tilbake i frykt. La oss kalle på Guds barmhjertighet i tillit til frelsen i Guds høyre hånd

Tre av deltakerne kommer fram med hver sin jernlenke. Etter hver bønn og svar lar en av dem lenken falle på gulvet. Forsamlingen kan gjerne synge svaret.

L Fra strukturer som undergraver menneskets verd og åpner for nye former for slaveri, fri oss, Gud. Kyrie eleison.

F **Kyrie eleison.**

L Fra ordninger og handlinger som skaper fattigdom, utstøtning og diskriminering av våre søsken, fri oss, Gud. Kyrie eleison

F **Kyrie eleison.**

L Fra frykt og fordommer som skiller oss fra hverandre og setter grenser for håp og forsoning, fri oss, Gud, Kyrie eleison

F **Kyrie eleison.**

L Herren er vår kraft og vår styrke, og han er blitt vår frelse. Må Gud, som har fridd oss ut, også føre oss fram til sine hellige boliger.

F **Amen.**

Forkynnelse av Guds ord

L Fri oss, Gud, fra dem som bruker vold,

F **så vil vi holde dine forskrifter!** *(cf Sal 119,134-135)*

Bøneveka for kristen einskap 2018

2 Mos 15,1-21

L Hør og bli satt fri.

F Lovet være Gud.

Salme 118,5-7+13-24

Salmen kan gjerne synges

R/ Takk Herren, for han er god, evig varer hans miskunn.

Jeg var i trengsel og ropte til Herren,
han svarte og førte meg ut i åpent land.
Herren er med meg, jeg frykter ikke.
Hva kan mennesker gjøre meg?
Herren er med meg, han hjelper meg,
jeg kan se på dem som hater meg.

R/

De presset meg hardt, jeg holdt på å falle,
men Herren hjalp meg.
Herren er min styrke og min sang,
han er blitt min frelse.
Hør, det er jubel og seiersrop
i de rettferdiges telt!

R/

Herrens høyre hånd gjør storverk,
Herrens høyre hånd løfter opp.
Herrens høyre hånd gjør storverk.
Jeg skal ikke dø, men leve
og fortelle om Herrens gjerninger.

R/

Lukk rettferds porter opp for meg,
 jeg vil gå inn og prise Herren!
 Dette er Herrens port,
 her går de rettferdige inn.

R/

Jeg priser deg fordi du svarte meg,
 du ble min frelse.
 Dette er Herrens eget verk,
 underfullt er det i våre øyne.
 Dette er dagen som Herren har gjort;
 la oss juble og glede oss på den!

R/ Takk Herren, for han er god, evig varer hans miskunn.

Romerbrevet 8,12-27

L Hør og bli satt fri.

F Lovet være Gud.

Et passende hallelujavers kan gjerne synges før og etter evangelielesningen.

Markus 5,21-43

L Hør og bli satt fri.

F Lovet være Gud.

Preken / Tekstmeditasjon

Salme

The right hand of God

Patrick Prescod

Noel Dexter: Jamaica

1. The right hand of God is writ - ing in our land,
 2. The right hand of God is point - ing in our land,
 3. The right hand of God is strik - ing in our land,
 4. The right hand of God is lift - ing in our land,

writ - ing with pow - er and with love; Our
 point - ing the way we must go; so
 strik - ing out at en - vy, hate and greed; Our
 lift - ing the fal - len one by one; Each

con - flicts and our fears, our tri - umphs and our
 cloud - ed is the way, so eas - i - ly we
 self ish - ness and lust, our pride and deeds un -
 one is known by name, and res - cued now from

tears are re - cord - ed by the right hand of God.
 stray, but we're guid - ed by the right hand of God.
 just are de - stroyed by the right hand of God.
 shame by the lift - ing of the right hand of God.

5. The right hand of God is healing in our land.
healing broken bodies, minds and souls;
so wondrous is its touch,
with love that means so much,
when we're healed by the right hand of God.
6. The right hand of God is planting in our land
planting seeds of freedom, hope and love;
in these many-peopled lands,
let his children all join hands,
and be one with the right hand of God.

Den apostoliske trosbekjennelse

Bønnene

- L** Med takk til Gud, som har satt oss fri fra trelldommen under synden, vender vi oss til ham med det vi har på hjertet og ber ham bryte lenkene som på så mange måter binder oss, og isteden føre oss sammen med bånd av kjærlighet og enhet.

Hver bønn blir lest av forskjellige lesere. Når de er ferdig, tar leserne hverandre i hendene og lager en lenke sammen med forsamlingen.

- T1** Gud, du som førte folket ditt ut av Egypt og som åpnet veien for dem gjennom Rødehavet og satte dem fri, vær nå også med oss og fri oss fra all slags trelldom og fra alt som tilslører menneskets verd.
- F** **Legg hendene dine på oss, Herre, så vi kan leve.**

- T2** Gud, du som er rik og i din godhet gir oss alt vi trenger, vær med oss nå og hjelp oss å legge av oss egoisme og grådighet, og gi oss mot til å være tjenere for rettferdighet i verden.
- F** **Legg hendene dine på oss, Herre, så vi kan leve.**
- T3** Kjærlighetens Gud, du har skapt oss i ditt bilde og har kjøpt oss fri i Kristus. Vær med oss nå og gi oss kraft til å elske vår neste og ønske de fremmede velkommen.
- F** **Legg hendene dine på oss, Herre, så vi kan leve.**
- T4** Fredens Gud, du er trofast mot pakten du har med oss selv om vi vandrer vekk fra deg, og du har forsonet oss med deg selv. Vær med oss nå og gi oss ny ånd og nye hjerter slik at vi kan snu oss vekk fra voldsbruk og isteden bli tjenere for din fred.
- F** **Legg hendene dine på oss, Herre, så vi kan leve.**
- T5** Herlighetens Gud, du er allmektig, og likevel valgte du i Jesus å ha hjemmet ditt i en vanlig menneskelig familie, og i dåpens vann har du gjort oss til dine barn. Vær med oss nå og hjelp oss til å være tro mot familien vår, mot saker vi er engasjert i og mot ansvar vi har i samfunnet. Hjelp oss å styrke båndene av fellesskap med våre søsken i Kristus.
- F** **Legg hendene dine på oss, Herre, så vi kan leve.**
- T6** Treenige Gud, du som er en Gud i tre personer og i Kristus har gjort oss til ett med deg og med hverandre. Vær med oss nå med Helligåndens kraft og trøst og fri oss fra selvopptatthet, hovmod og frykt som hindrer oss i å kjempe for full synlig enhet i din Kirke.
- F** **Legg hendene dine på oss, Herre, så vi kan leve.**

Herrens bøn

- L** Vi som er bundet sammen, ikke av lenker, men av Kristi kjærlighet som er øst ut i vår hjerter, la oss ta hverandre i hendene og be til Far med ordene som Jesus lærte oss.

Herrens bønn kan gjerne synges

- F** **Vår Far i himmelen ...**

Etter Herrens bønn, mens dere ennå holder hverandre i hendene, kan dere synge en kjent salme som handler om fellesskap.

Etter sangen kan dere hilse hverandre med Herrens fred.

Utsending

- L** Frelst av Guds høyre hånd og forenet i Kristi kropp, la oss gå fram i kraften fra Den hellige ånd.

- F** **Herrens Ånd er over oss,
for han har salvet oss
til å forkynne et godt budskap for fattige.
Han har sendt oss for å rope ut
at fanger skal få frihet
og blinde få synet igjen,
for å sette undertrykte fri
og rope ut et nådens år fra Herren.
Amen Halleluja!**

Salme

BIBELARBEID OG BØNER FOR DEI ÅTTE DAGANE

Dag 1 Du skal elska innflyttaren som deg sjølv. For de har sjølv vore innflyttarar i Egypt.

3 Mos 19,33-34	Du skal elska innflyttaren som deg sjølv.
Sal 146	Herren vernar innflyttarar.
Hebr 13,1-3	Somme har hatt englar til gjester utan å vita det.
Matt 25,31-46	Eg var framand, og de tok imot meg.

Etter at Haiti vart den første uavhengige svarte republikken, tok dei imot slavar på leiting etter fridom. I nyare tid har folk i Haiti hatt store problem med økonomien. Fleire av dei har forlate heimen sin og dratt på farefulle reiser med von om å finna seg ei betre framtid. I mange høve har dei møtt rettslege stengsler og manglande gjestfridom. Karibias kyrkjeråd har vore involvert i å hjelpa med å utfordra dei landa som innskrenkar haitiaranes borgarrettar eller likefram fjernar dei.

Til ettertanke

Israelittane mintest korleis det var å vera framande og innflyttarar i Egypt. Denne erfaringa låg bakom lovbodet om at Guds folk skulle ta imot innflyttarar i si midte. Minnet om tida i Egypt skulle vekka medkjensle og solidaritet med samtidas framande og innflyttarar. På same måte som det var for Israel, går og vår felles kristne kunnskap om Guds frelsesverk hand i hand med kjensla av å vera framand for Gud og hans rike. Eit slikt minne har etiske konsekvensar. Gud har ved Kristus gjenoppretta vår ære og gjort oss til borgarar i sitt rike. Ikkje fordi vi har gjort noko som fortener det, men fordi Gud elsker oss og tek oss til seg av sin eigen frie vilje. Vi er kalla til å gjera det same, ta imot framande av fri vilje og drivne av kjærleik. Kristen kjærleik er å elska slik Far gjer det. Det vil seia å sjå menneskeverd og å gje menneskeverd, og på det viset hjelpa til med å bringa heilskap til knuste menneske.

Bøn

Evige Gud,
du høyrer ikkje til nokon særskilt kultur eller land,
for du er Gud for alle.

Du kallar oss til å ønskje framande velkomne blant oss.
Hjelp oss ved din Ande til å leva som sysken ,
ta imot alle i ditt namn og leva i den rettferda som høyrer riket ditt til.
Vi bed i Jesu namn,
Amen.

*The right hand of God is planting in our land
planting seeds of freedom, hope and love;
in these many-peopled lands,
let his children all join hands,
and be one with the right hand of God*

Dag 2 **Ikkje lenger slave men ein elska bror**

1 Mos 1,26-28 Gud skapte mennesket i sitt bilete.

Salme 10,1-10 Kvifor, Herre, er du så langt borte.

Filemon Ikkje lenger som slave, men som noko mykje høgare
enn ein slave, som ein kjær bror.

Luk 10,25-37 Den miskunnsame samaritanen.

Trafficking er ei moderne form for slaveri der offera er tvungne eller lurte til sex-arbeid, barnarbeid eller sal av organ til inntekt for utbyttarane. Dette har vorte ein verdsvid industri med profitt på fleirfaldige millionar dollar. Det er og eit veksande problem i dei karibiske landa. Dei reformerte kyrkjene i Karibia har gått saman med Rådet for verdsmisjon og Det karibiske og nord-amerikanske rådet for misjon og gjev opplæring til kristne fellesskap og

forsamlingar for å få slutt på den landeplaga som heiter trafficking – menneskehandel.

Til ettertanke

Ein av dei første ting vi lærer om Gud i Bibelen, i Det gamle testamentet, er at Gud skapte mennesket i sitt eige bilete. Men denne djupe og vakre sanninga har ofte vore tilslørt eller forneakta gjennom historia. I Romarriket var til dømes menneskeverdet til slavane avvist. Bodskapen i evangeliet er heilt annleis. Jesus utfordra dei sosiale normene som nedvurderte samaritananes verd som menneske. Han kalla samaritanen for ein «neste» eller «granne», eit medmenneske til mannen som låg rana og skamslått på vegen til Jeriko, ein granne som etter lova skulle møte kjærleik. Og Paulus, som var blitt modig i Kristus, skreiv til Filemon om den bortrømde slaven Onesimus og kallar han ein elska bror. Også Paulus går på tvers av samfunnets reglar når han slår fast at Onesimus har menneskeverd.

Kristen kjærleik må alltid vera ein modig kjærleik som vågar å kryssa grenser. Vi har lært at andre menneske har same verd som oss sjølv. Som Paulus må vi som kristne for Kristi skuld våga å løfta røysta og samstemt kalla offera for menneskehandel for grannar og kjære sysken. På det viset kan vi saman arbeida for å få slutt på slaveriet i vår tid.

Bøn

Nådige Gud,
kom og ver nær hjå dei som er offer for menneskehandel,
gjer dei trygge på at du ser dei vanskelege tilhøva dei lever i
og høyrer når dei græt.

Lat di kyrkje verta sameint i medkjensle og ha mot
til å arbeida for den dagen då ingen meir vert utnytta
og alle vert frie til å leva eit ærbart og fredeleg liv.

Dette bed vi i namnet til den treeinige Gud,
som kan gjera uendeleg mykje meir enn vi kan spørja om eller fatta.
Amen.

*The Right Hand of God is lifting in our land,
lifting the fallen one by one;
each one is known by name,
and rescued now from shame
by the lifting of the right hand of God*

Dag 3 Kroppen dykkar er eit tempel for Den heilage ande

2 Mos 3,4-10	Gud frigjer dei som er bundne av menneske.
Sal 24,1-6	Herre, vi er den slekt som søker ditt andlet.
1 Kor 6,9-20	Difor skal de æra Gud med kroppen!
Matt 18,1-7	Ve det mennesket som forføringane kjem frå!

Mange kristne kyrkjer i Karibia har ei felles sak når det gjeld pornografi, særleg via internett. Pornografi har krefter i seg som bryt ned respekten for mennesket, ikkje minst mellom barn og unge. Nett som i slaveriet gjer det mennesket til handelsvare, fangar dei som er avhengige og øydelegg sunne kjærleiksforhold.

Til ettertanke

2. Mosebok syner oss klårt korleis Gud bryr seg om folk som er i fangenskap. Gud openberra seg for Moses i den brennande busken. Der gav han ei mektig erklæring om at han ville setja folket sitt fri. Gud så nauda deira og høyrde ropet deira. Så kom han for å frelsa dei. Gud høyrer framleis ropet frå dei som er trælbundne i dag og vil frelsa dei. Seksualiteten er ei gåve frå Gud for menneskelege forhold og som uttrykk for nærleik. Men misbruk av denne gáva gjennom pornografi bind menneske og minskar verdet både til dei som er fanga i produksjonen og til den som nyttar han. Gud er ikkje utan kjensle for deira lagnader og kristne er kalla til å ha den same kjensla for menneske som er bundne.

Paulus skriv at vi er kalla til å gje Gud ære i vår eigen kropp. Det tyder at kvar einaste del av livet vårt, også relasjonane våre til andre menneske, kan og

skal vera eit offer til glede for Gud. Kristne må arbeida saman i lag for eit samfunn med respekt for menneskeverdet. Dei skal ikkje setja snublesteinar for nokon av Guds minste, men heller gjera dei i stand til å leva i den fridomen som Gud ønskjer å gje dei.

Bøn

Ved din himmelske nåde, Gud,
rett oss opp att i kropp og sjel,
skap i oss eit reint hjarte og eit reint sinn
så vi kan gje namnet ditt ære.
Lat kyrkjene stå saman om å gjera folket ditt heilag
ved Jesus Kristus, han som saman med deg lever og råder
i Heilagandens einskap no og i all æve.
Amen

*The Right Hand of God is healing in our land
healing broken bodies, minds and souls;
so wondrous is its touch,
with love that means so much
when we're healed by the right hand of God*

Dag 4

Von og oppattretting

Jes 9,2-7a	Så skal herreveldet vera stort og freden utan ende.
Sal 34,2-15	Søk fred og jag etter han.
Joh Op 7,13-17	Gud skal tørka kvar tåre frå auga deira.
Joh 14,25-27	Fred etterlèt eg dykk.

I Karibia er vald eit problem som kyrkjene må gjera noko med. Regionen har alarmerande høge drapstal. Mykje av dette kjem frå vald og misbruk i heimen, frå bandekrig og frå annan kriminalitet. Men det er og stigande tal for sjølvskading i nokre delar av regionen.

Til ettertanke

Riket som Gud gav lovnad om, kongeriket som Jesus forkynte og bringa nær, er eit rike med rettferd, fred og glede i Den heilage ande. Men kva tyder eit slikt godt budskap for dei som er fanga i valdsmørkeret? Profeten såg ljøs skina over dei som levde i eit land med djupt mørker. Men korleis kan kristne bringa ljuset frå Kristus til dei som lever i mørkeret frå familievald eller i skuggen av gjengkriminalitet? Kva slag von kan kristne tilby? Det er ei trist sanning at splittinga mellom kristne er eit hinder for å bringa bod om von.

Men på den andre sida er arbeidet for fred og forsoning mellom dei ulike kyrkjene og trusretningane eit teikn som peiker i motsett retning. Når kristne kjempar for einskap i ei verd full av konflikhtar, så gjev dei verda eit teikn på forsoning. Kristne som nektar å gå inn i eit system der privileg og status spelar hovudrolla, som nektar å forakta andre menneske og fellesskapa deira, gjev eit vitnemål om freden i Guds rike der Lammet leier dei heilage til kjelder med livsens vatn. Dette er ein fred som verda treng, ein fred som bringar helse og trøyst til dei som lid under vald.

Bøn

Gud, du som gjev oss all trøyst og von,
ved oppstoda sigra du over valden på krossen.
Hjelp at vi som ditt folk kan verta eit synleg teikn
på at du har sigra over valden i verda.
Dette ber vi om i namnet til vår oppstadne Herre.
Amen

*The Right Hand of God Is pointing in our land,
pointing the way we must go;
so clouded is the way,
so easily we stray,
but we're guided by the right hand of God*

Dag 5**Høyr ropet frå mitt arme folk**

5. Mos 1,19-35

Herren dykkar Gud går føre dykk, og han vil strida for dykk.

Sal 145,9-20

Herren støttar alle som fell.

Jak 1,9-11

Ein rikmann skal forgå som blomen i graset.

Luk 18,35-43

Jesus, du Davids son, miskunna deg over meg!

Økonomien i Karibia-regionen har tradisjonelt bygt på produksjon av råvarer for den europeiske marknaden. Difor har han aldri vore berekraftig. For å skapa utvikling tok ein då opp lån i den internasjonale marknaden. Men krava til slike lån var å redusera utgiftene til transport, utdanning, helse og andre offentlege utgifter, noko som særleg har gått ut over dei fattigaste. Det karibiske kyrkjesambandet har kome med innspel for å møte den noverande gjeldskrisa i regionen, og gjennom sine internasjonale nettverk har dei skaffa hjelp for dei fattigaste.

Til ettertanke

Vi kan tenkja oss støyen i mengda då Jesus drog inn i Jeriko. Mange i følgjet til Jesus vil ha slutt på ropa frå den blinde tiggaren. Han distraherer, og det kjennest ikkje bra. Men midt i støyen høyrer Jesus røysta til den blinde – nett slik Gud i Det gamle testamentet alltid høyrer ropet frå dei fattige. Herren, som tar seg av dei som har falle, ikkje berre høyrer, han svarar. Med det vert livet forvandla for tiggaren.

Nett som dei argumenterande røystene utanfor Jeriko kan splittinga mellom kristne drukna ropet frå dei fattige. Men så er det slik at når vi blir sameinte, kan vi og i større grad verta Kristi nærvær i verda, betre til å høyra, lya og svara. I staden for å la usemja få auke volumet, kan vi bli i stand til å lya, og så skilja ut røystene til dei som mest treng at vi høyrer dei.

Bøn

Kjærleikens Gud, du reiser opp dei fattige og ulukkelege og rettar oppatt deira menneskeverd.

Høyr oss når vi roper til deg for dei fattige iblant oss.
 Rett opp att vona deira og reis dei opp så alle dine folk kan verta eitt.
 Dette bed vi i Jesu namn.
 Amen

*The Right Hand of God is lifting in our land,
 lifting the fallen one by one;
 each one is known by name,
 and rescued now from shame,
 by the lifting of the right hand of God*

Dag 6 Lat oss tenkja på det som er godt for andre

Jes 25,1-9 Lat oss jubla og gleda oss over hans frelse!
 Sal 82 Hjelp svake og farlause til deira rett.
 Fil 2,1-4 Tenk ikkje berre på dykkar eige beste,
 men òg på det som er godt for dei andre.
 Luk 12,13-21 Ta dykk i vare for lysta til alltid å eiga meir!

Endring i dei internasjonale bankreguleringane held fram med å verka negativt inn på handel og forretningsliv i Karibia. Dette har vorte eit trugsmål mot overlevingsevna for mange familiar. Det er blitt stendig vanskelegare for karibiske menneske å arbeida utanlands og senda pengar heim til familien. Kyrkjene i Karibia har introdusert Credit Union-rørsla så dei fattige kan få tilgang til finansiell og økonomisk verksemd.

Til ettertanke

Vitnemålet i Bibelen seier klårt at Gud står saman med dei svakaste. Guds høgre hand hjelper dei makteslause mot dei mektige. På same måte åtvarar Jesus mot farane som følgjer med grådigskap. Trass i desse åtvaringane vil likevel den syndige grådigskapen ofte infisera kristne fellesskap og ta med seg ei haldning som er prega av tevling: den eine forsamlinga kjempar mot den andre. Men vi treng å hugsa på at om det ikkje er skilnad på oss og verda

omkring, fordi vi alle vil best mogleg, så kan vi knapt tilby ein tilfluktsstad for menneske i naud eller eit vern mot stormen.

For våre ulike kyrkjer og trudomssamfunn er det å vera rik i Guds auge ikkje om å ha flest medlemmer eller å ha dei største kollektane. Derimot handlar det om å skjønna at vi som kristne har tallause systre og brør rundt omkring i heile verda, menneske vi er bundne saman med på tvers av dei økonomiske grensene mellom 'sør' og 'nord'. Når vi vedkjenner oss denne brorskapen i Kristus, kan vi og som kristne ta kvarandre i hendene og fremja økonomisk rettferd for alle.

Bøn

Allmektige Gud, gje mot og styrke til di kyrkje
så ho stendig kan forkynna rettferd og rett
der overgrep og undertrykking skjer.

Når vi feirar einskapen i Kristus,
lat då Din heilage ande hjelpa oss til å sjå kva dei andre treng. Amen

*The Right Hand of God is striking in our land,
striking out at envy, hate and greed;
our selfishness and lust,
our pride and deeds unjust,
are destroyed by the right hand of God*

Dag 7 Å byggja familie i hushald og kyrkje

2. Mos 2,1-10 Moses vert fødd

Sal 127 Dersom Herren ikkje byggjer huset,
arbeider bygningsmennene fåfengt

Heb 11,23-24 I tru gøymde foreldra til Moses den nyfødde guten
for det var eit vakkert barn.

Matt 2,13-15 Josef stod opp, tok barnet og mora og drog til Egypt

I Karibia er familiane framleis negativt påverka av lovgjevinga om slaveri og av nye tilhøve som at foreldre flyttar, av økonomiske problem i familien og vald i heimen. I møte med denne røyndomen arbeider kyrkjene i Karibia med å støtta både kjernefamiliar og storfamiliar.

Til ettertanke

Familien har den sentrale oppgåva med å ta vare på barna og oppseda dei. Bibelen fortel om barndomen til både Moses og Jesus at dei var i livsfare heilt frå dei vart fødte på grunn av mordariske ordre frå harme herskarar. Dette er synlege døme på kor sårbare barn kan vera for ytre krefter. Desse forteljningane syner og korleis ein kan verna slike små. Matteus fortel om ein far som rettar seg etter Guds ord med truskap og kjærleik, særleg i vanskelege tider.

Skriften ser barna som ei velsigning og ei von for framtida. For salmediktaren er barna 'som piler i stridsmannens hand.' Som kristne har vi eit felles kall til å skapa trygge familienettverk som med tillit til Herrens kraft byggjer sterke fellesskap der barn kan bløma i trygge omgivnader.

Bøn

Miskunnsame Gud,
 du sendte sonen din til å verta fødd i ein vanleg familie
 med anar som var både trufaste og syndige.
 Vi bed om velsigning over alle familiar i hushald og fellesskap.
 Vi bed særleg for einskapen i den kristne familien
 slik at verda kan tru.
 Vi bed i Jesu namn. Amen.

*The Right Hand of God is writing in our land,
 writing with power and with love;
 our conflicts and our fears,
 our triumphs and our tears,
 are recorded by the right hand of God.*

Dag 8 **Han vil samla dei spreidde ... frå jordas fire hjørne**

Jes 11,12-13 Då skal Efraims misunning forsvinna
og Judas fiendskap ryddast ut.

Sal 106,1-4.43-48 Sank oss inn så vi kan prisa ditt heilage namn.

Efes 2,13-19 Han reiv ned den muren som skilde.

Joh 17,1-12 Eg har vorte herleggjord gjennom dei.

Kyrkjene i Karibia arbeider saman i regionen for å hela såra i Kristi kropp. Dette er sår som i stor grad er ein arv etter kolonitida. Forsoning krev ofte anger, oppattretting og læging av minne. Eit døme på dette kan vi sjå i korleis forsoninga mellom baptistar i England og i Karibia kravde handlingar med orsaking og oppattretting. Slik Israel var det, er og Kyrkja i sin heilskap kalla til både å vera eit teikn og ein aktiv pådrivar til forsoning.

Til ettertanke

Gjennom dei bibelske forteljningane om frelsehistoria finn vi eit tydeleg motiv i Herrens urokkelege plan om å danna eit folk han kunne kalla sitt eige. Å danna eit slikt folk – sameina i ei heilag pakt med Gud – er ein integrert del av Herrens plan om å frelsa menneske og å herleggjera sitt namn.

Stendig på nytt minner profetane Israel om at pakta med Gud krev at tilhøve mellom dei ulike sosiale gruppene skulle pregast av rettferd, medkjensle og nåde. Då Jesus førebudde seg på å oppretta den nye pakta i sitt eige blod, var hans innstendige bøn til Far at dei som var gitt han, måtte verta eitt, nett som han og Far var eitt. Når kristne oppdagar sin einskap i Jesus, er dei med på å herleggjera Kristus attmed Far med den same herlegdomen han hadde attmed Far før verda blei til. Difor må Guds paktsfolk alltid arbeida på å vera eit forsona fellesskap. Berre slik kan Kyrkja vera eit tydeleg teikn for alle jordas folk på korleis ein kan leva i rettferd og fred.

Bøn

Herre, audmykt ber vi
at kyrkjene rundt om i heile verda
ved din nåde kan verta ein reiskap for din fred,
og at namnet ditt må bli gjort heilag og æra
når folket ditt står saman som talsmenn og hjelparar for deg
med lækjedom og forsonande kjærleik mellom splitta folk.
Amen.

*The right hand of God is planting in our land,
planting seeds of freedom, hope and love;
in these many-peopled lands,
let his children all join hands,
and be one with the right hand of God.*

DEN ØKUMENISKE SITUASJONEN I KARIBIA ¹⁾

Karibia er regionen som strekker seg frå Bahamas i nord til Surinam, Guyana og French Guiana (Cayenne) på det søramerikanske fastlandet, og frå Barbados i aust til Belize i Mellom-Amerika i vest. Den felles identiteten i regionen byggjer både på geografiske vurderingar og på ei felles historie med kolonialisme, utbytting og motstand mot framand dominans, og dessutan på eit felles kulturelt medvit.

Nokre av kyrkjene i regionen, t.d. Den romersk katolske og Den anglikanske kom til regionen samtidig med starten på ein tidleg fase av koloniseringa. Andre kyrkjer kom seinare som del av misjonsrørsla i det 18., 19. og tidlege 20. hundreåret. Enda seinare kom evangelikale og pentekostale rørslar og spreidde seg utover i Karibia, og ein kan dermed finna evangelikale alliansar eller fellesskap i mange av landa og områda i Karibia.

Det karibiske kyrkjesambandet (CCC) voks ut av ein dynamisk forløpar for økumenisk aktivitet på 1960-talet og vart formelt oppretta i den sosiopolitiske og kulturelle gjæringstida i dei tidlege 1970-åra. Dette var like etter at kolonitida tok slutt og mange av landa fekk sitt politiske sjølvstende. På denne tida var heile regionen prega av ei rørsle for sjølvstyre, utvikling og nye uttrykksformer. Svaret og bidraget som mange kyrkjer saman gav til denne nye regionale sjølvkjensla, var å oppretta ein organisasjon dei kalla «Kristen innsats for utvikling av Karibia» (Christian Action for Development in the Caribbean, CADEC). Denne organisasjonen er forløparen til CCC og vart seinare ein av to hovudavdelingar i CCC. Den andre avdelinga var kjent som «Innsats for fornying av kyrkjene» (Agency for Renewal of the Churches – ARC).

¹ *Ansvar for denne teksta ligg åleine hjå den økumeniske gruppa i Karibia som kom saman for å laga kjeldeteksta til Bøneveka for kristen einskap 2018.*

Stiftingsmøtet for det Karibiske kyrkjesambandet (CCC) fann stad i Kingston, Jamaica i juni 1973. I forordet til grunnreglane heiter det:

Vi kristne i Karibia er komne saman på grunn av kallet frå Kristus til å grunnleggja ein fellesskap av kyrkjer i regionen for teologisk tenking, inspirasjon, samtalar og felles handling med utfordringane som kjem frå historie, språk, kultur, klasse og avstand. Vi er difor djupt engasjerte i å fremja fred og ein heilskapleg utvikling av folket vårt. Vi vil og halda fram at sosial rettferd og menneskeverd må gjelda for alle personar. Vi forpliktar oss til å ferdast saman i Kristus og å dela erfaringane våre med kvarandre for at Guds rike i verda kan verta styrkt.

Dei 33 medlemskyrkjene i CCC representerer ei enorm breidd av folk og kulturar frå mange øyer og fastlandsområde i Sør- og Mellom-Amerika, og dei høyrer til fire ulike språkgrupper – nederlandsk, engelsk, fransk og spansk. Landa som høyrer til i desse gruppene er Cayenne/Fransk Guiana, Cuba, Guadeloupe, Haiti, Martinique og Puerto Rico. Medlemskyrkjene i CCC er heilt samde om at det trass i ulikskap gjennom ei lang kolonitid finst ein ekte, sameinande karibisk identitet som folk i Karibia nyttar til å setja ord på Guds vilje med dei, og som dei svarar med.

Sjølv om CCC er ein av seks regionale økumeniske organisasjonar, så er dette kyrkjesambandet eineståande i historisk samanheng. CCC var den første økumeniske organisasjonen i verda der Den romersk katolske kyrkja gjennom sitt bispemøte var med heilt frå grunnlegginga. Dette at Bispemøtet i Antillene (Antilles Episcopal Conference, AEC) var med blant grunnleggarane av CCC, blei halde fram som føredøme i eit førebuingdokument til Den romersk katolske kyrkjas 1997-synode for Amerika. I eit avsnitt i dokumentet står det under overskrifta 'Vegar og område for kommunion': «*Eit døme på større potensial for dialog med andre kyrkjesamfunn er vist gjennom arbeidet til nokre biskopar i Karibia då dei var med og grunnla den einaste økumeniske organisasjonen i regionen*» (Lineamenta section IV, Art 42)

Etter over 43 års verksemd har medlemskyrkjene i CCC teke mange initiativ på teologiens område i saker som kristen utdanning, naudsynt utvikling, saker

om ungdom og kvinner, familieliv, menneskerettar og kommunikasjon. Nokre av dei viktige resultatane frå CCC har vore etablering av mediekanalar, aviser og materiale til kristen utdanning.

I 1983 blei målsettinga for CCC formulert på ny, og det heiter no at CCC skal «*fremja økumenisk arbeid og sosial endring i lydnad til Jesus Kristus og i solidaritet med dei fattige.*» Sidan har CCC utvikla ei strategisk tilnærming og laga program for arbeid med mange sosio-økonomiske saker og for sosiale problem som er aktuelle i Karibia. Mellom desse er kartlegging av fattigdom i folkesetnaden, dei høge tala for infeksjon av HIV/AIDS, smugling og sal av rusmiddel og avhengnad, rotløyse mellom folk som av ulike grunnar har måtte flytta. Dette siste rommar og naturkatastrofar, vald og jakt på arbeid og eit betre liv.

Det er eit mål for CCC å skape breiare kyrkjeleg engasjement med gjensidig deltaking frå medlemskyrkjene både gjennom eksisterande tiltak og institusjonar og heilt ut i den lokale kyrkjelyden. Hovudpunkta i programmet er

- Prioriterte regionale tiltak (HIV/AIDS, rusmiddel, vald, familie, mat, rotlause menneske).
- Berekraftig sosio-økonomisk utvikling (redusera fattigdom, finansiering av prosjekta, vera førebudd på katastrofar).
- Kommunikasjon (open framferd i det offentlege rom, informasjon, dialog).
- Internasjonale samband (regional tilknytning, solidaritetsvitjingar) og kultursaker.

Når dei tek fatt på nokre av desse sakene, arbeider CCC tett opp mot viktige mellomstatlege organisasjonar der den viktigaste er Det karibiske fellesskap (Caribbean Community – CARICOM). CCC har og hatt kontakt og samarbeid med ymse avdelingar i Sameinte nasjonar (SN) og med europeiske og nord-amerikanske regjeringar.

I tillegg til sakene som er nemnt ovanfor, har CCC oppretta eit regionalt forum for dei nasjonale kyrkjeråda. Dette forumet skal gje plass for eit tettare nettverksarbeid og ei gjensidig støtte for dei nasjonale kyrkjeråda i regionen. Dette blei gjort i erkjenning av den viktige rolla nasjonale kyrkjeråd hadde spela i fleire delar av regionen – til dømes kyrkjeråda i Cuba og Jamaica – fleire tiår før CCC vart skipa. Forumet vart først samla i 2001 med temaet «*Syng ein ny song*». Sidan heldt dei møte ein gong i året fram til 2008. I likskap med mange andre tiltak vart Regionalt forum innskrenka på grunn av kraftig nedgang i finansieringa til organisasjonen.

I den seinare tida har sekretariatet i CCC gjennom samtalar med medlemskyrkjene søkt å leggja større vekt på det teologiske grunnlaget for økumenisk arbeid. Ein har freista å gi større vekt til det grunnleggjande elementet 'koinonia'. Dette elementet har nok blitt nedtona ved at 'diakonia' kan ha fått for stor vekt. Difor har ein sørga for ikkje berre å sikra at ein diskuterer om denne og andre 'tru- og kyrkjeordnings-' saker, men og at det vert gjestfridom og rom der medleamar av ulike kyrkjesamfunn – teologar, prestar og andre – kan møta kvarandre med informasjon og dialog i ein atmosfære av gjensidig forståing. Med desse innvendingane i tankane vart '*Det karibiske regionale senteret for økumeniske møte og dialog*' oppretta i 2014. Skipinga av dette senteret er eit samarbeidsprosjekt mellom CCC og munkane i det 100 år gamle benediktinarklosteret 'Vår Frue i eksil', også kjent som 'Mount St. Benedict', i Trinidad. (Med tanke på kor lenge klosteret har rettleia menneske med mange ulike religiøse oppfatningar, såg ein klosteret som ein naturleg stad for eit slikt senter).

CCC har og gått inn i nye engasjement med organisasjonar som står for andre økumeniske uttrykk og anna form. Dette gjeld t.d. Taizé-rørsla og den karibiske greina av 'Verdas kristne forum' (Global Christian Forum, GCF). Dette forumet er eit viktig middel for kontakt og dialog med evangelikale og pentekostale kristne. CCC har til og med kalla saman og lagt til rette for møte i det karibiske GCF.

Ved sida av Det karibiske kyrkjesamband (CCC) finst det og andre institusjonelle uttrykk for økumenikk i Karibia. Eit tydeleg døme er *The United Theological College of the West Indies (UTCWI)* i Jamaica. Denne institusjonen er eit samarbeidsprosjekt mellom ymse protestantiske kyrkjesamfunn. Det er interessant at denne høgskulen er plassert rett ved sida av Den romersk-katolske teologiske høgskulen St. Michael. Lærarar og studentar ved både høgskulane har kunna gleda seg over eit vennskapeleg og gjensidig nyttig samband gjennom mange år.

Når det gjeld protestantiske teologiske høgskular i det spansk-talande Karibia, så finst det eit evangelisk seminar i Puerto Rico og eit evangelisk teologisk seminar i Matanzas, Cuba. Både institusjonane er samarbeidsprosjekt mellom ulike protestantiske kyrkjesamfunn. Seminaret i Matanzas vert for tida leia av Dr. Carlos Emilio Ham, som tidlegare var president i CCC og stabsmedlem i Verdskyrkjerådet (WCC).

Eit oversyn over den økumeniske situasjonen i Karibia ville ikkje vera fullstendig utan å ta med den veldige gåva Karibia har gjeve til heile den økumeniske rørsle i personen Dr. Philip Alford Potter – den vidgjetne tredje generalsekretæren i Verdskyrkjerådet (WCC). Dr. Potter, som no er eit heilag minne, var metodistprest og innfødd frå den Dominikanske republikken. I si embetstid som generalsekretær i Verdskyrkjerådet (1972-1984) kjempa Potter mot det umoralske apartheid-regimet i Sør-Afrika. Det var også i hans embetstid at pave Johannes-Paul II, som svar på ein invitasjon frå WCC, vitja hovudkontoret til WCC i Genève i Sveits. Dette var ein av dei store milesteinane i økumeniske relasjonar mellom Vatikanet og WCC. Ein reknar at det for tida er tretten kyrkjer i Karibia som er medlemar i Verdskyrkjerådet. Dei representerer 1,4 millionar kristne. Andre økumenar frå Karibia følgjer i Dr. Potters fotefar og held fram med å bidra markant på den internasjonale økumeniske arenaen. Mellom desse er presten Neville Callam frå Jamaica. Callam et nåverande generalsekretær i Baptistanes verdsallianse (BWA). I mange år var han ein høgt respektert medlem av WCCs kommisjon for tru og kyrkjeordning (Faith and Order Comission)

BØNEVEKA FOR KRISTEN EINSKAP

Emne 1968-2014

I 1968 byrja ein å nytte materiale som var førebudd i fellesskap av Verdskyrkjerådets komité for tru og kyrkjeordning og Det pavelege rådet til fremje av kristen einskap.

- 1968 Til pris og ære for hans herlegdom (Ef 1,14)
- 1969 Kalla til fridom (Gal 5,13) (Førebuingssmøte i Roma, Italia)
- 1970 Vi er Guds medarbeidarar (1 Kor 3,9)
(Førebuingssmøte i klosteret Niederaltaich, DDR)
- 1971 ...og Den Heilage Andens samfunn (2.Kor 13,13)
- 1972 Eit nytt bod gir eg dykk (Joh 13,34)
(Førebuingssmøte i Genève, Sveits)
- 1973 Herre, lær oss å be (Luk 11,1)
Førebuingssmøte i klosteret Montserrat i Spania
- 1974 For at kvar tunge skal sanne: Jesus Kristus er Herre (Fil 2,1-13)
Førebuingssmøte i Genève, Sveits

I april 1974 blei det sendt eit brev til medlemskyrkjene og andre interesserte grupper om å etablere lokale økumeniske grupper til å delta i førebuing av brosjyre for Bøneveka. Ei australsk gruppe var den første som tok opp denne utfordringa og førebudde eit utkast til Bøneveka for 1975

- 1975 Guds mål: Å samanfatte alt i Kristus (Ef 1,3-10) Materialet vart førebudd av ei australsk gruppe. Møte i Genève i Sveits
- 1976 Vi skal verte han lik (1 Joh 3,2) eller: Kalla til å bli det vi er. Materialet vart førebudd av ein Karibisk kyrkjekonferanse. Møte i Roma, Italia
- 1977 Saman halde ut i håp (Rom 5,1-5)
Materialet vart førebudd i Libanon, midt under borgarkrigen. Møte i Genève, Sveits.

- 1978 Ikkje lenger framande (Ef 2,13-22) Materialet vart førebudd av ei økumenisk gruppe i Manchester, England
- 1979 Ten kvarandre til Guds ære (1 Pet 4,7-11) Materialet vart førebudd i Argentina. Møte i Genève, Sveits.
- 1980 La riket ditt kome (Matt 6,10) Materialet vart førebudd av ei økumenisk gruppe i Berlin, DDR. Møte i Milano, Italia.
- 1981 Ein Ande - mange gåver - ein lekam (1 Kor 12,3b-13) Materialet vart førebudd av Greymoor Fathers, USA. Møte i Genève, Sveits.
- 1982 Må alle finne sin heim i deg, å Herre. (Sal 84) Materialet vart førebudd i Kenya. Møte i Milano, Italia.
- 1983 Jesus Kristus - verdas liv (1 Joh 1,1-4) Materialet vart førebudd av ei økumenisk gruppe i Irland. Møte i Céligny (Bossey), Sveits.
- 1984 Kalla til å bli eitt ved krossen til vår Herre (1 Kor 2,2 og Kol 1,20) Førebuingmøte i Venezia, Italia.
- 1985 Frå død til liv med Kristus (Ef 2,4-7) Materialet vart førebudd i Jamaica. Møte i Grandchamp, Sveits.
- 1986 De skal være mine vitne (Apg 1,6-8) Materialet vart førebudd i Jugoslavia (Slovenia). Møte i Jugoslavia.
- 1987 Sameina i Kristus - ei ny skapning (2 Kor 5,17-6,4a) Materialet vart førebudd i England. Møte i Taizé, Frankrike.
- 1988 Guds kjærleik driver frykta ut (1 Joh 4,18) Materialet vart førebudd i Italia. Møte i Pinerolo, Italia.
- 1989 Bygge fellesskap: ein lekam i Kristus (Rom 12,5-6a) Materiale frå Canada. Førebuingmøte Whaley Bridge, England.
- 1990 At de alle må være eitt ... så verda kan tru (Joh 17) Materiale frå Spania. Førebuingmøte i Madrid, Spania.
- 1991 Lovsyng Herren, alle folkeslag! (Salme 117 og Rom 15,5-13) Materiale frå Tyskland. Førebuingmøte i Rotenburg/Fulda, Vest-Tyskland.
- 1992 Eg er med dykk alle dagar ... Gå difor ut (Matt 28,16-20) Materiale frå Belgia. Førebuingmøte i Brügge, Belgia.

- 1993 Bære Andens frukt til beste for kristen einskap (Gal 5,22-23)
Materiale frå Zaire. Førebuingsmøte nær Zürich, Sveits.
- 1994 Guds husfolk: kalla til å være eitt i hjarte og sinn (Apg 4,23-37)
Materiale frå Irland. Førebuingsmøte i Dublin, Irland.
- 1995 Koinonia: Fellesskap med Gud og med kvarandre (Joh 15,1-17)
Førebuingsmøte i Bristol, England.
- 1996 Se, eg står ved døra og bankar (Op 3,14-22)
Førebuingsmøte i Lisboa, Portugal.
- 1997 Vi bed i staden for Kristus, lat dykk forsone med Gud. (2 Kor 5,20)
Førebuingsmøte i Stockholm, Sverige.
- 1998 Anden kjem oss til hjelp i vår vanmakt (Rom 8,14-27)
Førebuingsmøte i Paris, Frankrike.
- 1999 Han skal bo hjå dei som deira Gud, og dei skal vera hans folk (Op 21,1-7). Materiale frå Malaysia. Førebuingsmøte halde i Bose-klosteret i Italia.
- 2000 Lova være Gud, han som har velsigna oss i Kristus (Ef 1,3-14)
Materialet vart førebudd av Kyrkjerådet for Midt-Austen. Møte i La Verna, Italia.
- 2001 Eg er vegen, sanninga og livet (Joh 14,1-6) Materialet vart førebudd i Romania, møte halde i Vulcan, Romania.
- 2002 For du er livets kjelde (Sal 36,5-6) Materialet vart førebudd av Konferansen for Evangeliske kyrkjer i Europa (CEEC) og Konferansen av Kyrkjer i Europa (CEC). Møte holde nær Augsburg, Tyskland.
- 2003 Vi har denne skatten i leirkar (2 Kor 4,4-18)
Materiale frå kyrkjer i Argentina. Møte i Los Rubios, Spania.
- 2004 Min fred gir eg dykk (Joh 14,23-31; Joh 14,27) Materialet vart førebudd av kyrkjer i Aleppo, Syria. Møte i Palermo, Sicilia.
- 2005 Jesus Kristus, kyrkjas einaste grunnvoll (1 Kor 3,1-23) Materialet vart førebudd av kyrkjer i Slovakia, møte i Piestany, Slovakia

- 2006 Der to eller tre er samla i mitt namn, der er eg midt iblant dei (Matt 18,18-20). Materialet vart førebudd i Irland. Møte halde i Prosperous, Kildare i Irland
- 2007 Han får døve til å høyra og stumme til å tala. (Mark 7,31-37) Materialet vart førebudd i Sør-Afrika. Møte i Faverges i Frankrike
- 2008 Be uavlateleg! (1 Tess 5,(12a) 13b-18) Materialet vart førebudd i USA. Møte halde i Graymoor, Garrison, USA
- 2009 Så dei vert til eitt i handa di (Esek 37,15-28) Materialet vart førebudd i Korea. Møte halde i Marseilles, Frankrike
- 2010 De er vitne om dette (Luk 24,48). Materialet vart førebudd i Skotland. Møte halde i Glasgow, Skotland.
- 2011 Dei heldt seg trufast til læra frå apostlane, til fellesskapet, brødsbrytinga og bønene. (Apg 2,42) Materialet vart førebudd av ei gruppe kristne leiarar i Jerusalem. Møte i Saydnaya, Syria
- 2012 Vi skal alle bli omskapte ved vår Herre Jesu Kristi siger. (1 Kor 15,51-58) Materialet er førebudd i Polen. Møte halde i Warsawa, Polen
- 2013 Kva krev Gud av oss? (Mika 6,6-8) Materialet er førebudd av Den kristne studentørsla i India. Møte halde i Bangalore, India.
- 2014 Er Kristus delt? (1 Kor 1,1-17) Materiale er førebudd i Canada. Møte halde i Montréal, Canada
- 2015 Jesus seier til henne: Gjev meg noko å drikk. (John 4, 7) Materialet er førebudd i Brasil. Møte halde i São Paulo, Brasil
- 2016 Kalla til å forkynna Guds storverk (sjå 1 Peter 2:9) Materialet er førebudd i Latvia. Møte halde i Riga, Latvia
- 2017 Forsoning - Kristi kjærleik tvingar oss (sjå 2 Kor 5,14-20) Materialet er førebudd i Tyskland. Møte halde i Wittenberg, Tyskland
- 2018 Herre, di høgre hand er herleg i makt (2 Mos 15,6) Materialet er førebudd i Karibia. Møte halde i Emmaus-senteret, Nassau, Bahamas

NOKRE NØKKELHENDINGAR I HISTORIA TIL BØNEVEKA

- Ca 1740 I Skottland var det på denne tida ei Pinserørsle med band til USA. Bodskapen til vekkingsrørsla omfatta bønner for og med alle kyrkjesamfunn.
- 1820 Presten James Haldane Stewart gjev ut "Hints for the General Union of Christians for the Outpouring of the Spirit"
- 1840 Presten Ignatius Spencer, konvertitt til den Romersk katolske kyrkja, føreslår "Felles bøn for einskap"
- 1867 Den første Lambeth-konferansen for anglikanske prestar held fram bøn for einskap i innleiinga til resolusjonane.
- 1894 Pave Leo XIII oppmuntrar til å halda ein bønneoktav (8 dagar) for kristen einskap i samanheng med pinse.
- 1908 Presten Paul Wattson byrjar å holde ein bønneoktav for kristen einskap.
- 1926 Faith and Order-rørsla tar til å gi ut "Forslag til ein bønneoktav for kristen einskap.
- 1935 Abbed Paul Couturier frå Frankrike gjer seg til talsmann for "Ei verdsomfattande bøneveke for kristen einskap" på inkluderande basis med bøn for "den einskap som Kristus vil ha og med de middel han vil nytte".
- 1958 Unité Chretienne (Lyon i Frankrike) og kommisjonen for Faith and Order i Verdskyrkjerådet tok til å samarbeida om førebuing av materiale til Bøneveka.
- 1964 I Jerusalem bad pave Paul VI saman med patriark Athenagoras Jesu bøn "at dei alle må væra eitt" (Joh 17).
- 1964 Dekretet om økumenikk frå det 2. Vatikankonsilet strekar under at bøn er sjela i den økumeniske rørsla, og oppmuntrar til å halde Bøneveka for kristen einskap.

- 1966 Kommissjonen for Faith and Order i Verdskyrkjerådet og Sekretariatet til fremme av kristen einskap (nå kjent som Det pavelege råd til fremme av kristen einskap) startar offisielt med felles førebuing av materiale til Bøneveka.
- 1968 Første gang materialet førebudd i fellesskap av Faith and Order og Sekretariatet til fremme av kristen einskap blir offisielt nytta til Bøneveka.
- 1975 Første gang materiale som byggjer på utkast frå ei lokal økumenisk gruppe, vert nytta i Bøneveka
- 1994 Teksta for 1996 blei førebudd i samarbeid med KFUK og KFUM
- 2004 Semje oppnådd om at materialet for Bøneveka i framtida skal publiserast i fellesskap og produserast i same format av Faith and Order (Verdskyrkjerådet) og Sekretariatet til fremme av kristen einskap (Den Katolske kyrkja).
- 2008 Minne om 100 år med Bøneveka for kristen einskap. (Forløparen, Oktaven for kyrkjeieinskap, vart halden første gongen i 1908)